



Arkivnr: 2016/5105-14

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Anne Aune, David Aasen Sandved

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.10.2016

## Tilskotsordninga Museumsløft 2016. Fordeling av midlar

### Samandrag

Saka gjeld fordeling av 1,7 mill. kr i tilskotsordninga «Museumsløft 2016.» Retningslinene for ordninga vart vedteken av fylkestinget i PS 11/2016, med følgjande innhald i vedtakspunkt 3:

«Fylkestinget sluttar opp om retningslinene for tilskotsordninga på til saman 1,7 mill. kr. Tildeling vert handsama av Utval for Kultur, idrett og regional utvikling.»

Til søknadsfristen 20. juni kom det inn 13 søknader, på til saman nær 4,4 mill. kr. KODE-Kunstmuseene i Bergen har sendt inn to søknader for sin institusjon. I retningslinene står det som følger: *«Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar for sitt museum/tiltak. I tillegg kan museet sende inn ein eller fleire fellessøknader med eit eller fleire av dei andre konsoliderte museum.»* Etter retningslinene er det avgrensa til ein søknad per museum/det tiltaket museet ønskjer å prioritere, og vi har i prosessen med gjennomgang av søknadene bedt KODE prioritere. Denne kjem fram i presentasjon av søknadene. Eit mål med «Museumsløft 2016» var å fortsette satsinga på fellesløyser og fellestiltak, difor var det mogleg for musea å sende inn fleire søknader saman med andre museum.

Den samla søknadssummen utgjer langt meir enn dei midlane ein har i ordninga. I retningslinene til ordninga har ein også lagt til grunn fem skjønsmessige vilkår: Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet, kvalitet på tiltaket, museet som samfunnsaktør, fokus på fornying, i kva grad ei tildeling vil løyse særlege utfordringar. For dei prosjekta som er innstilt til midlar, er fleire av dei skjønsmessige vilkåra oppfylt.

Søknadene tydeleggjer nokre av dei utfordringane som musea har, men også korleis institusjonane ønskjer å utvikle seg i tida framover. To av søknadene er fellesprosjekt der første fase er gjennomført, og der ein søker om midlar for å kome vidare. Dette gjeld prosjektet «Museumsløft» og prosjektet «Fellesmagasin». Det er naturleg at ein prioriterer desse, då begge representerer hovudsatsingar i den regionale museumspolitikken. To søknader er knytt til utfordringar innan arkiv. Her foreslår ein støtte til Bergens Sjøfartsmuseum sitt prosjekt. Det har ei klar avgrensing og bidrar til å løyse ei utfordring ved museet. Bymuseet viser i sin søknad til ei uløyst økonomisk situasjon frå konsolideringa midt på 2000-talet. Med ei tildeling her, vert ein særleg vanskeleg situasjon for Bymuseet løyst. Saka er godt kjent for administrasjonen. KODE har med søknaden om web-booking ei løysing som kan komme fleire museum til gode.

I Fylkesrådmannen si forslag til tildeling, oppnår ein såleis at musea får løyst ein utfordrande økonomisk situasjon som kan bidra til å fokusere på moglegheiter meir enn problem framover. Fellessatsingar innan magasin og kartlegging av bygningsmasse vert vidareført, og ein får etablert løysingar for web-booking som andre museum kan dra nytte av. I fordeling av midlar har ein vurdert i kva grad og korleis prosjektet/tiltaket

kan la seg løyse sjølv om eit prosjekt ikkje får tildelt full søknadssum i 2016. Nokre prosjekt er mogleg å dele opp, slik at ein kan få gode delresultat, sjølv om ikkje prosjektet vert fullfinansiert med ein gong. Dette gjeld mellom anna satsingane «Museumsløft» og «Fellesmagasin». Slik vert det også mogleg å støtte fleire av søknadene.

### Forslag til vedtak

Det vert løyvd 1,7 mill. kr fordelt på følgjande summar til følgjande prosjekt og søkjarar:

Namn på institusjon	Prosjektnamn	Kostnad/Søknadssum		Fylkesrådmannen sitt forslag
		HF	K	
KODE- Kunstmuseene i Bergen	Styrket publikums- og forvaltningsarbeid gjennom bedre tellesystem	332 932	200 000	Avslag
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Overføring av arkiv fra Bergens Sjøfartsmuseum til Bergen Byarkiv	670 000	250 000	170 000
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum	Eit museum under eit tak	450 000	350 000	100 000
Baroniet Rosendal	Digitalutstillingssystem i Riddersalen inkludert digitale utstillinger og info-film	1 200 000	300 000	150 000
Bymuseet	Mellomværende Damsgård hovedgård	480 434	480 000	480 000
NVIM/Hardanger og Voss museum	Hardangerarkivet	500 000	500 000	Avslag
Museumssenteret i Hordaland m.fl.	Nytt fellesmagasin for musea i Hordaland	700 000	700 000	350 000
Museumssenteret i Hordaland ml.fl.	Årleg seminar for beredskapsgruppa for museum og arkiv i Hordaland	38 000	38 000	Avslag
KODE	Web-basert booking for museene	340 000	250 000	150 000
Museum Vest	Kommandobunkeren i Gamle Bergen	700 000	300 000	Avslag
Sunnhordland museum	Eit hav av båtmotorar	200 000	200 000	Avslag
Bymuseet i Bergen m.fl.	Museumsløft - hovedprosjekt	665 000	665 000	300 000
Museumssenteret i Hordaland	Bedre synleggjøring av ny og gammel kunnskap om tradisjonell ressursbruk i Nordhordlands-regionen	300 000	150 000	Avslag
Til saman		6 576 366	4 383 000	1 700 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 21.09.2016

Saka gjeld fordeling av 1,7 mill. kr i tilskotsordninga «Museumsløft 2016.» Retningslinene for ordninga vart vedteken av fylkestinget i PS 11/2016, med følgjande innhald i vedtakspunkt 3:

«Fylkestinget sluttar opp om retningslinene for tilskotsordninga på til saman 1,7 mill. kr. Tildeling vert handsama av Utval for Kultur, idrett og regional utvikling.»

Hordaland er eit stort museumsfylke med ti konsoliderte einingar: Bergens Sjøfartsmuseum, Bymuseet i Bergen, Museum Vest, Hardanger og Voss museum, Sunnhordland museum, Museumssenteret i Hordaland, KODE-Kunstmuseene i Bergen, Baroniet Rosendal, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og Olav H. Hauge-senteret. «Museumsløft 2016» er retta inn mot desse museumsinstitusjonane og satsingar i den regionale museumspolitikken som på sikt skal gi eit løft for sektoren.

Til søknadsfristen 20. juni kom det inn 13 søknader, på til saman nær 4,4 mill. kr. KODE-Kunstmuseene i Bergen har sendt inn to søknader for sin institusjon. I retningslinene står det som følger: *«Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar for sitt museum/tiltak. I tillegg kan museet sende inn ein eller fleire fellessøknader med eit eller fleire av dei andre konsoliderte museum.»* Etter retningslinene er det avgrensa til ein søknad per museum/det tiltaket museet ønskjer å prioritere, og vi har i prosessen med gjennomgang av søknadene bedt KODE prioritere. Denne prioriteringa kjem fram i presentasjonen av søknadene. Eit mål med «Museumsløft 2016» var å fortsette satsinga på fellesløysingar og fellestiltak som har vore grunnleggjande i museumspolitikken dei siste åra, difor kunne musea å sende inn fleire søknader saman med andre museum.

Musea i Hordaland fekk i 2015 statlege omstillingmidlar som skal gå til vedlikehald av bygningsmassen. Vi har spurt musea om søknad til «Museumsløft» kan sjåast i samanheng med desse midlane. Til dømes om tidlegare utfordringar/hindringar no kan løysast, og dermed danne grunnlag for fleire eller nye formidlingsprosjekt og utstillingar. Det er viktig å synleggjere og samle slik informasjon, slik at ein både på kort og lengre sikt ser effekten og samanhengen mellom større statlege og regionale løft, sjølv om slik samanheng ikkje er ein føresetnad i retningslinene i «Museumsløft 2016». Dette bør kanskje vurderast for 2017. Då ser ein meir samla resultat av omstillingsmidlane. Av dei 13 søknadene, var det to som kan vise til ei direkte kopling til sysselsettingsmidlane: Museum Vest og Baroniet Rosendal. Museum Vest har avsett 300 000 kr av dei statlege midlane til utvendig restaurering av Kommandobunkeren i 2016. Baroniet Rosendal har nytta sysselsettingsmidlar på Avlsgården.

Den samla søknadssummen er såleis langt høgare enn dei midlane ein har i ordninga. I retningslinene til ordninga har ein også lagt til grunn fem skjønsmessige vilkår: Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet, kvalitet på tiltaket, museet som samfunnsaktør, fokus på fornying, i kva grad ei tildeling vil løyse særlege utfordringar. For dei prosjekta som er innstilt til midlar, er fleire av dei skjønsmessige vilkåra oppfylt. I prioriteringa har ein hatt fokus på fellesløysingar og i kva grad ei tildeling løyser særlege utfordringar.

I fordeling av midlar har fylkesrådmannen vurdert i kva grad prosjektet/tiltaket kan la seg løyse sjølv om eit prosjekt ikkje får tildelt full søknadssum. Nokre prosjekt er mogleg å dele opp, slik at ein kan få gode delresultat, sjølv om prosjektet ikkje vert fullfinansiert for 2016-midlane. Ei slik vurdering er gjort for å kunne gi støtte til fleire av dei omsøkte prosjekta.

## Retningsliner for tilskotsordninga "Museumsløft 2016"

### Føremål:

Museumsløft skal styrke musea og vidareutvikle gjeldande satsingar frå Regional plan for museum 2011-2015. Musea skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjonar og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.

**Kven kan søkje:**

Dei ti konsoliderte museumseiningane Baroniet Rosendal, Bergens Sjøfartsmuseum, Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss museum, KODE-Kunstmuseene i Bergen, Museumsenteret i Hordaland, Museum Vest, Norsk Vasskraft- og industristadmuseum, Olav H. Hauge-senteret, Sunnhordland museum.

**Kva kan støttast:**

Søknader knytt til Kulturplanen sitt innsatsområde 16 Museumsløft med følgjande tiltak:

Tiltak A, Styrkje musea i høve drift og investeringar

Tiltak B, Vidareføring satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015

Tiltak C, Utarbeide fellesløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi, jmf. Regional plan for museum 2011-2015.

Tiltak D, Styrke Bevaringstenestene og musea si samlingsforvaltning

**Ytterlegare moment ved vurdering av søknad/skjønsutøvinga, i uprioritert rekkefølge:**

1. Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet
2. Kvalitet på tiltaket
3. Museet som samfunnsaktør
4. Fokus på fornying
5. I kva grad ei tildeling vil løyse særlege utfordringar

**Søknadskrav, sakshandsaming og vedtak:**

Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar for sitt museum/tiltak. I tillegg kan museet sende inn ein eller fleire fellessøknader med eit eller fleire av dei andre konsoliderte museum.

Søknaden må innehalde prosjekttale med god skildring av tiltaket og bakgrunn for søknaden. Den skal knyttast opp mot hovudinnhaldet i *Regional plan for museum 2011-2015* med vekt på musea som samfunnsaktør og ein eller fleire av dei fire f-ane forvaltning, forskning, formidling og fornying. Budsjett skal leggast ved. Det skal opplysast om gjennomføringsperiode. Det skal opplysast om kva for tiltak under innsatsområde 16 Museumsløft tiltaket fell inn under.

**Søknadene**

Følgjande 13 søknader vert handsama i denne saka:

**1. KODE- Kunstmuseene i Bergen: Styrket publikums- og forvaltningsarbeid gjennom bedre tellesystem**

Tidspunkt: 01.08.2016 – 30.09.2016

Type søknad: Museet søker alene

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 200 000

Totale utgifter: 332 932

Grunngjeving for søknaden etter tiltaksområde i Museumsløft 2016: A. Styrkje musea i høve drift og investeringar

Om prosjektet i følgje søkjar (utdrag av prosjekttale): Dagens tellesystem for KODE bygger på at alle som besøker en av våre arenaer innendørs i åpningstid blir registrert inn via kasse. Det høye

antall besøkende som bruker KODEs spisesteder eller komponisthjemmenes store naturområder for rekreasjon, registreres dermed ikke i våre besøkstall. KODE har en viktig samfunnsrolle for publikum også utenfor utstillingsarenaene og dette behovet ønsker vi bedre kunnskap om.

Vi mener derfor at et bedre tellesystem gir fordeler på mange nivå:

1. Sikkerhet og ressursallokering
2. Synliggjøre bruk av våre uteområder
3. Fornying av publikumsarbeid- og tilbud
4. Bedre statistikker

Fylkesrådmannen si innstilling: 0

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Etter retningslinjene kan kvart museum levere inn ein søknad for sitt museum/tiltak. KODE har levert to søknader. I prioritering mellom dei to, har KODE prioritert Web-booking (sjå søknad nr. 9).

## **2. Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum: Overføring av arkiv fra Bergens Sjøfartsmuseum til Bergen Byarkiv**

Tidspunkt: 01.02. 2016-31.12.2016

Type søknad: Museet søker alene

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 250 000

Totale utgifter: 670 000

Grunngjeving for søknaden etter tiltaksområde i Museumsloft 2016: C. Utarbeide fellesskapsløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi, jmf. Regional plan for museum 2011-2015, D. Styrke Bevaringstenestene og musea si samlingsforvaltning

Om prosjektet i følge søkjar (utdrag av prosjekttale): Prosjekt målet er å bedre tilgjengelighet og bevaring av maritime bedriftsarkiv i Hordaland. Museet skal sørge for at norske maritime kulturminner og arkiv blir bevart og ivaretatt for framtidige generasjoner og forskning. Siden 1980 har museet mottatt en rekke større maritime bedriftsarkiv, bl.a. fra store og kjente lokale bedrifter. Museet har lite egnede lokale for store arkiv og kapasiteten er sprengt.

Fylkesrådmannen si innstilling: 170 000

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Bergens Sjøfartsmuseum sitt arkivprosjekt er konkret og har ei god forankring i institusjonane. Det vil løyse ei stor utfordring for museet, og vil gi publikum betre tilgang på verdifullt arkivmateriale.

## **3. Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum: Eit museum under eit tak**

Tidspunkt: 01.09. 2016-31.12. 2016

Type søknad: Museet søker alene

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 350 000

Totale utgifter: 450 000

Grunngjeving for søknaden etter tiltaksområde i Museumsloft 2016: A. Styrkje musea i høve drift og investeringar. B: Vidareføre satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015

Om prosjektet i følge søkjar (utdrag av prosjekttale): Den langsiktige leieavtalen mellom NVIM og AST (AS Tyssefaldene) omfattar verkstadbygg, produksjonshall, brettet og Lilletopp. Over produksjonshallen er det fire etasjar som NVIM i dag ikke leiger. Desse etasjane har hittil romma tekniske rom, arkiv, kantine og administrasjonen til AST.

2. og 3. etasje har ein storleik som gjer dei funksjonelle til museale føremål.

Det er viktig at NVIM no vurderer kva romplan dei nye lokala kan utviklast til- dette for å få eit grunnlag for framtidige søknader.

Gode løysingar for ombygginga vil opne for eit meir moderne, og betre museumstilbod. Det vil føre til betre fagleg samarbeid internt og føre til auke i besøkstalet. Gjennom etableringa vil Hordaland få eit museum som framstår som eit regionalt fyrtårn, og som vert styrka i arbeidet med å ivareta norsk industrihistorie.

Fylkesrådmannen si innstilling: 100 000

Fylkesrådmannen si grunngeving: I prosjektet vil ein greie ut om Tysso I som museumsbygg. Gjennom ei løyving på 100 000 kr vil museet kunne starte eit slikt arbeid. Museet har store oppgåver i høve kraft- og industrihistoria regionalt og nasjonalt. Det er naturleg at ein ser på dei moglegheiter som ligg i den historiske bygningsmassen når situasjonen no er aktuell. Dette kan bidra til avklaring av tilhøvet til eigar AS Tyssefaldene, fornying og styrking av museet som tematisk ansvarsmuseum.

#### **4. Den Weis-Rosenkronske stiftelse – Baroniet Rosendal: Digitalutstillingssystem i Riddersalen inkludert digitale utstillinger og info-film**

Tidspunkt: 04.07.2016-06.05. 2017

Type søknad: Museet søker alene

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 300 000

Totale utgifter: 1 200 000

Grunngeving for søknaden etter tiltaksområde i Museumsløft 2016: A. Styrke musea i høve drift og investeringar

Om prosjektet i følge søkjar (utdrag av prosjekttalen): Baroniet Rosendal har dei siste fire åra investert for kr 45,5 millioner kroner i nytt besøkssenter med flerbrukssal. Hordaland fylkeskommune har støttet prosjektet direkte med 1.9 mill og indirekte gjennom kompensasjonsordningen med 5 mill.

Nå gjenstår å lage utstillinger som skal fyller skjermer og utstyr med innhold. Det blir produsert film og laget digitale utstillinger bl.a. om BRs lange og spennende historie, det fredede kulturlandskapet og BRs rolle i samfunnet som en betydelig kultur- og reiselivsaktør. Prosjektet er forskningsbasert da vi har knyttet til oss ekspertise på professornivå gjennom Jørn Øyrehagen Sunde ved UiB som har 20 % stilling som forsker ved BR.

Fylkesrådmannen si innstilling: 150 000

Fylkesrådmannen si grunngeving: Prosjektet er del av eit større løft for Baroniet Rosendal, der fylkeskommunen har vore bidragsytar. For formidlingsprosjektet har Baroniet Rosendal på plass 900 000 kr, slik at ei løyving på 150 000 kr av «Museumsløft 2016» vil vere viktig for å komme i mål med prosjektet. Det vil gi fornying og styrke museet si samfunnsrolle. Prosjektet har ein god fagleg forankring.

## 5. Stiftelsen Bymuseet i Bergen: Mellomværende Damsgård hovedgård

Tidspunkt: 20.06.2016-31.10. 2016

Type søknad: Museet søker alene

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 480 000

Totale utgifter: 480 434

Grunngjeving for søknaden etter tiltaksområde i Museumsloft 2016: A. Styrkje musea i høve drift og investeringar

Om prosjektet i følgje søkjar (utdrag av prosjektoamtalen): Bymuseet ble etablert i 2005. Konsolideringsavtalene forutsatte at museenes drift var i balanse ved konsolideringen, og Bymuseet skulle overta gjeld og fordringer. Gjennom konsolideringen overtok museet håndteringen av lån i noen av eierstiftelsene. På grunn av avtalen om at driften skulle være i balanse har Bymuseet i føringen av lånene kostnadsført kapitalkostnadene og balanseført avdragene, som har blitt liggende som en mellomregning mot eierstiftelsene. To av disse lånene, som til sammen utgjør 480 000 kr pluss kapitalkostnader, gjelder innredning av tjenestebolig på Damsgård Hovedgård på 1980-tallet. Bymuseet har ikke økonomi til å innfri disse lånene på vegne av eierstiftelsen. Dersom Bymuseet skulle bekostet lånene ville det betydd en direkte styrking av eierstiftelsenes økonomi på bekostning av Bymuseet og Bymuseets fellesskap. Det ville også hatt en ødeleggende effekt på museets likviditet. Eierstiftelsen har på lik vis ikke økonomi til å innfri lånene.

Fylkesrådmannen si innstilling: 480 000

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Løyvinga vil løyse ei særstør økonomisk utfordring ved Bymuseet i Bergen. Dette er ei problemstilling som har vore kjent lenge, og som må finne si løysing. Ein veit ikkje om liknande tilfelle. Hordaland fylkeskommune har tidlegare understreka at problemstillinga ikkje er eit fylkeskommunalt ansvar, men ser at museet ikkje får løyst saka på anna måte. Med eit slikt løft frå HFK vil Bymuseet kunne fokusere meir på utvikling/moglegheiter.

## 6. Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum: Hardangerarkivet

Tidspunkt: 01.07.2016-30.06.2017

Type søknad: Søker saman med Hardanger og Voss museum

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 500 000

Totale utgifter: 500 000

Grunngjeving for søknaden etter tiltaksområde i Museumsloft 2016: C: utarbeide fellesskapsløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi, jf. Regional plan for museum 2011-2015, D. Styrke Bevaringstenestene og musea si samlingsforvaltning

Om prosjektet i følgje søkjar (utdrag av prosjektoamtale): SINDARK-prosjektet (Senter for industriarkiv) avsluttast i juli 2016. Vi har søkt Odda kommune om midlar til utviding av prosjektet ut 2017. Tida er inne til å gå eit steg vidare til «Hardangerarkivet». I HVM og NVIM sitt virkeområde er det store verdfulle arkiv som ligg på loft og i kjellarar, hos privatpersonar, i lagslokale, kommunehus og museumseiningar.

Det meste av dette materialet er utilgjengeleg, uordna og vert oppbevart under dårlege klimatiske forhold. Skal dette materialet kome ålmenta og forskarar til gode, må det samlast inn, ordnast, registrerast og bevarast.

Fylkesrådmannen si innstilling: 0

Fylkesrådmannen si grunngjeving: To av søknadene til tilskotsordninga «Museumsloft 2016» omfattar arkiv. I denne samanheng vil Fylkesrådmannen prioritere Bergens Sjøfartsmuseum sitt



arkivprosjekt. Det er konkret, har ei god forankring i institusjonane og vil løyse ein vanskeleg ressursituasjon ved museet, sjå søknad nr. 2. Ein vil utfordre musea til å kome lengre i prosjektet og også søke fleire finansieringspartnarar lokalt.

**7. Stiftinga Museumssenteret i Hordaland m/fleire: Nytt fellesmagasin for musea i Hordaland**

Tidspunkt: 01.09. 2016-31.05.2017

Type søknad: med fleire museum

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 700 000

Totale utgifter: 700 000

Grunngeving for søknaden etter tiltaksområde i Museumsløft 2016: C. Utarbeide fellesskapsløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi, jmf. Regional plan for museum 2011-2015, D. Styrke Bevaringstenestene og musea si samlingsforvaltning

Om prosjektet i følge søkjar (utdrag av prosjekttale): Det er viktig for museene i Hordaland at arbeidet med nytt Fellesmagasin fortsetter. Museumssenteret i Hordaland/Bevaringstenestene søker derfor om økonomisk støtte til å fortsette arbeidet. I 2006 ble det eksisterende Fellesmagasin for musea i Hordaland åpnet, men helt fra planleggingsfasen var det klart at magasinarealet på 1300 m<sup>2</sup> bare ville være en begynnelse.

Arealbehovet er på bakgrunn av analyser estimert til omkring 8000-10000 m<sup>2</sup> nytt magasinareal, litt avhengig av ønskede servicefunksjoner ved et nytt Fellesmagasin samt fremtidig innsamlingspolitikk. Mer enn 1/3 av dette areal alene til store gjenstander, som det i dag ikke finnes noe godt tilbud til i Hordaland.

Fylkesrådmannen si innstilling: 350 000

Fylkesrådmannen si grunngeving: Arbeidet med nytt fellesmagasin har vore ei satsing i gjeldande museumspolitik og Kulturplanen som del av styrking av fellestenester for musea i Hordaland og arbeidet med samlingsforvaltning. Kulturhistoriske gjenstandar frå ulike periodar representerer vår felles historie. Rapport frå fase 1 ligg føre, og det er viktig med kontinuitet i arbeidet. Prosjektet kan delast opp, slik at ei fullfinansiering av tiltaket i 2016 ikkje er nødvendig for å kome vidare på kort sikt.

**8. Stiftinga Museumssenteret i Hordaland m/ fleire: årleg seminar for beredskapsgruppa for museum og arkiv i Hordaland**

Tidspunkt: 01.11.2016-30.11. 2016

Type søknad: Museet søker saman med fleire

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 38 000

Totale utgifter: 38 000

Grunngeving for søknaden etter tiltaksområde i Museumsløft 2016: C. Utarbeide fellesskapsløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi, jf. Regional plan for museum 2011-2015, D. Styrke Bevaringstenestene og musea si samlingsforvaltning

Om prosjektet i følge søkjar (utdrag frå prosjekttale): Beredskapsgruppa har i alt 58 medlemmer frå 14 deltakande institusjonar. Det er skrive og signert ein gjensidig avtale om deltaking i Beredskapsgruppa. Personane i gruppa skal kunne tilkallas i ein krisesituasjon og plikter å stille opp for andre deltakande institusjonar på lik linje med eigen institusjon. Medlemmar i beredskapsgruppa kan tilkallast i ein krisesituasjon som til dømes brann eller tjuveri.

Fylkesrådmannen si innstilling: 0

Fylkesrådmannen si grunngeving: Tiltaket har stor betydning for vår kulturarv gjennom den kunnskapen og den mobilitet som ei slik beredskapsgruppe innehar, og eit årleg seminar for beredskapsgruppa vil vere ein viktig del av dette arbeidet. Det bør vere moglegheit for fleire finansieringskjelder til dette tiltaket. Fylkesrådmannen prioriterer ikkje tiltaket gjennom «Museumsløft 2016». Det er andre omsøkte prosjekt som er viktigare å få gjennomført først.

#### **9. KODE – Kunstmuseene i Bergen: Web-basert booking for museene**

Tidspunkt: 01.07-2016-01.10.2017

Type søknad: Museet søker alene

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 250 000

Totale utgifter: 340 000

Grunngeving for søknaden etter tiltaksområde i Museumsløft 2016: C. Utarbeide fellesskapsløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi, jf. Regional plan for museum 2011-2015

Om prosjektet i følgje søkjar (utdrag frå prosjekttale): KODE er en unik kombinasjon av kunstmuseer og komponisthjem. Som et av Nordens største kunstmuseer, forvalter vi mer enn 50.000 gjenstander, en rekke kulturhistoriske bygg og ca. 900 mål kulturlandskap. Mer enn 185.000 gjester besøker våre 7 arenaer hvert år. Årlig gjennomføres ca. 1450 arrangementer av ulik slag.

Det legges mye arbeid ned i å organisere og administrere bestillingene. KODE vil utvikle et web-basert bookingsystem som kan håndtere ulike tilbud, være administrasjonsstøtte og bidra til publikumsutvikling. Viktige mål er tidsbesparelse i administrasjon, sikker lagring av bestillingsinformasjon, optimalisering av arrangementskapasiteten og statistikkverktøy.

Fylkesrådmannen si innstilling: 150 000

Fylkesrådmannen si grunngeving: KODE har sendt inn to søknader, og har Web-basert booking for museene som første-prioritert. Prosjektet vil bidra til meir effektiv organisering av besøk, med erfaringsoverføring til andre institusjonar. Prosjektet har ei klar avgrensing og vil løyse ei utfordring innan denne type publikumsteneste for museet.

#### **10. Stiftelsen Museum Vest: Kommandobunkeren i Gamle Bergen**

Tidspunkt: 01.06. 2016-31.12. 2017

Type søknad: Museet søker alene

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune:300 000

Totale utgifter: 700 000

Grunngeving for søknaden etter tiltaksområde i Museumsløft 2016: B. Vidareføring satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015

Om prosjektet i følgje søkjar (utdrag av prosjekttale): Bakgrunnen for søknaden er at MV ønsker å satse vidare på sitt arbeid som tematisk ansvarsmuseum for krigs-, okkupasjons- og forsvarshistorie. Tilretteleggingen av Kommandobunkeren ved Gamle Bergen er en del av dette arbeidet. Et svært sentralt anlegg knyttet til Vestlandets krigshistorie blir med dette tilgjengelig for publikum. Den gode tilgangen Museum Vest har på originalt, krigshistorisk materiell vil gjøre utstillingsopplevelsen unik.

Fylkesrådmannen si innstilling: 0

Fylkesrådmannen si grunngeving: Tiltaket med Kommandobunkeren vil bidra til fornying til museet. Prosjektet har samanheng med bruk av statlege omstillingsmidlar til utvendige tiltak i 2016. Med museumsplanmidlane i åra 2012-2015 har ein hatt fokus på styrking av krigs- og okkupasjonshistorie. Eit konkret resultat er konsolidering av Bjørn-West-museet i Museum Vest. Slike midlar vart også løyvd frå museumsplanmidlane i Fylkestinget sitt møte i mars 2016, PS 11/2016, med 200 000 kr. Fylkesrådmannen vil ikkje prioritere prosjektet i 2016. Det er andre omsøkte prosjekt som er viktigare å få gjennomført først.

#### **11. Sunnhordland museum: Eit hav av båtmotorar**

Tidspunkt: 03. 10. 2016-29.09.2017

Type søknad: Museet søker alene

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 200 000

Totale utgifter: 200 000

Grunngeving for søknaden etter tiltaksområde i Museumsløft 2016: B. Vidareføring satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015

Om prosjektet i følge søkjar (utdrag av prosjektoamtalen): «Eit hav av båtmotorar» er ei vidareføring av eit dokumentasjonsprosjekt Sunnhordland museum starta i 2015, der det vart utarbeid ei oversikt over åtte samlingar med båtmotorar i vår region. Målet med dette prosjektet er gjennom synfaringar og dokumentasjonsarbeid å etablere eit detaljert oversyn over motorar produsert i Sunnhordland i samlingar i Sunnhordland.

Fylkesrådmannen si innstilling: 0

Fylkesrådmannen si grunngeving: Dokumentasjonsprosjekt om båtmotorar er del av satsinga på samlingsforvaltingsarbeidet i Hordaland. Prosjektet gir ein god arbeidsmetode for samarbeid frivillige og profesjonelle aktørar. Ein bør her også kunne søkje finansiering lokalt.

Fylkesrådmannen vil ikkje prioritere prosjektet i 2016. Det er andre omsøkte prosjekt som er viktigare å få gjennomført først.

#### **12. Stiftelsen Bymuseet i Bergen m/ flere: Museumsløft - hovedprosjekt**

Tidspunkt: 03.10. 2016-31.05.2017

Type søknad: med flere

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 665 000

Totale utgifter: 665 000

Grunngeving for søknaden etter tiltaksområde i Museumsløft 2016: A. Styrkje musea i høve drift og investeringar

Om prosjektet i følge søkjar (utdrag av prosjektoamtale): «Museumsløftet» sin hovedoppgave er å synleggjøre det store behovet for vedlikehold og investeringar, samt å påpeke at det må bevilges større økonomiske midler til museene i Hordaland slik at museene kommer opp på et akseptabelt vedlikeholds nivå og kan etablere rutiner for forebyggende konservering.

I hovedprosjektet (Museumsløftet fase 2) ligger følgende oppgaver:

13. Utarbeide en oversikt over bygningssamlingene ved de øvrige museene i Hordaland
14. Utarbeide prioriteringsplaner for bygningssamlingene
15. Definere ansvarsområdet for hvert museum i forhold til bygningstype
16. Arbeid med avhending av museumsbygg utfra prioriteringsplaner
17. Utarbeide en oversikt over planer for nybygg i Hordaland

18. Skaffe til veie midler til de prioriterte bygningene ved å arbeide opp mot politisk nivå/beslutningstakerne
19. Nærmere samarbeid (om mulig) med forskningsinstitusjoner i forhold til de typiske klimarelaterte skadene i museumsbygg som er kategorisert i fase 1
20. Et seminar for å øke bevisstheten og skape debatt om de tre hovedområdene i museumsvirksomheten: Eierskap og struktur, Avhending av museumsbygg. Nybygg og investering.

Fylkesrådmannen si innstilling: 300 000

Fylkesrådmannen si grunngjeving: «Museumsløft» er ei satsing som både Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har gitt bidrag til i fase 1. Resultatet frå fase 1 ligg føre som rapport og det er mellom anna utvikla ein metodikk for kartlegging av vedlikeholdsbehov. Fase 2 vil ta prosjektet vidare. Fylkeskommunen ser dette som eit større løft for musea gjennom å få oversikt over behov og prioritering i musea sin bygningsmasse. Ein har også søkt Bergen kommune om medfinansiering for fase 2.

Dette vil også vere eit prosjekt som kan synleggjere det arbeidet som er gjort innan brannsikring og dei behov som er med omsyn til sikringstiltak. Hordaland fylkeskommune har gjennom fleire år vore ein viktig bidragsytar til musea sitt sikringsarbeid. Fylkesrådmann vil derfor i eiga sak til KIRU i november foreslå at eksisterande budsjettmidlar til brannsikring (til saman 400 000 kr for 2015/2016) også vert del av finansieringa til prosjektet «Museumsløft».

### **13. Museumssenteret i Hordaland: Bedre synliggjøring av ny og gammel kunnskap om tradisjonell ressursbruk i Nordhordlands-regionen**

Tidspunkt: 01.10. 2016-31.12. 2017

Type søknad: Museet søker alene

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 150 000

Totale utgifter: 300 000

Grunngjeving for søknaden etter tiltaksområde i Museumsløft 2016: B: Vidareføring satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015.

Om prosjektet i følgje søkjar (utdrag av prosjekttale): Det tverrfaglige Lindåsprosjektet dokumenterte en rekke naturvitenskaplige og kulturhistoriske sammenhenger omkring lyngheidriften. Mer enn 30 fagrapporter ble produsert, og Lyngheisenteret er til dels basert på deler av denne kunnskapen. Men ved å gå gjennom rapportene fra prosjektet ønsker vi å løfte frem mer av den kunnskapen som ligger her. Vi ønsker å systematisere nyere forskningsresultater om kystlandskap og lyngheier som er relevant for vår formidling.

Fylkesrådmannen si innstilling: 0

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Gjennom prosjektet ønskjer museet å nytte og systematisere dei resultatene som ligg tilgjengeleg i Lindåsprosjektet. Lyngbrenning er døme på tradisjonskunnskap som er lite omtalt i litteratur. Fylkesrådmannen ser at prosjektet har stor kulturhistorisk verdi, men vil ikkje prioritere prosjektet i 2016. Det er andre omsøkte prosjekt som er viktigare å få gjennomført først.